

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
033/2018	Formannskapet i Radøy	PS	07.06.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	16/999	18/6333

Tilskot til politiske parti 2018

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunane er ikkje pålagt å gje tilskot til dei politiske partia, men det er ein innarbeidd praksis i Radøy med slikt tilskot. Dei seinare åra er det gitt 50 000 kroner i kommunalt tilskot til dei politiske partilaga.

Kommunane avgjer sjølv omfanget av støtta, men dersom kommunane vil iverksetja slik økonomisk støtte, må ein følgja føresetnadene i partilova. I dette ligg det at eventuell støtte skal ytast høvesvis etter valoppslutning. Samla storleik på tilskotet til kommunestyregruppene vert fastsett gjennom kommunen sine årlege budsjettvedtak.

Etter partilova kan ein tidel av støtta fordelast likt – altså kr 5000,- og resten forholdsmessig. Rådmannen vil likevel føreslå at det vert gjeve ei grunnstøtte på kr 1000,- til kvar av dei 6 kommunestyregruppene, dvs 12 prosent av samla støtte. Representantstøtta vil då verta kr 1760,- per representant i kommunestyregruppene. Denne ordninga er i samsvar med praksis som har følgd i Radøy.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune sitt tilskot på kr 50.000,- til kommunestyregruppene, vert gjeve med kr 1000,- i grunnstøtte til kvar gruppe og kr 1760,- til per representant i gruppene.

Formannskapet i Radøy - 033/2018

FS - handsaming:

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Radøy kommune sitt tilskot på kr 50.000,- til kommunestyregruppene, vert gjeve med kr 1000,- i grunnstøtte til kvar gruppe og kr 1760,- til per representant i gruppene.